

OPPLEV TYSNES

GRATIS SOMMARMAGASIN TIL FASTBUANDE OG TURISTAR SOMMAREN 2017

Med alt du treng å vita om
TYSNESFEST



DUGNAD: Yngve Vevatne fungerer som frivillig vaktmeister.



t er klart for åpning.



NOSTALGI: I gamlerestauranten har dei dekorert veggene med gamle bilete frå Tysnes.

Kystkultur
tradisjon og utvikling...

Kystsøge
vekene

Fem veker med kystkultur,
folkeli, konsertar, foredrag,
marknad i 22 kommunar
frå Gulen i nord til Sveio i sør!

12. august til 17. september

Stiftinga Kystsøgevekene www.kystsøgevekene.no

mona-jill
BAND

DANSEGALLA

**MONA-JILL
BAND
og BRIS**

Laurdag 19. august kl. 20.00 i Tysneshallen

Bill. kr. 350 - Billettsal: Tysnes blomster & interiør - Bobilcamp
Sal av mat, øl og vin - Aldersgr. 18 år - Arr. Tysnes Musikkilg



DANSEGALLA: Den årlege dansegallaen i Tysnes er populær både for fastbuande og hytteturistar. I tillegg plar det også koma mange tilreisande i bubilar og campingvogner. I år som i fjor er BRIS eit av banda som skal spela. (Arkiv)



KYSTDRAKTER OG DOKKER: Britt Kjellesvik Rage vil også i år ha utstilling i samband med Kystsogeveke. Her frå arrangementet i fjor. (Arkiv)

Svartedauden og dans, kappsegling og banning i kyrkja

Det går føre seg på Tysnes under Kystsogeveke.

– Det er presten sjøv som har kome med tittelen på foredraget sitt, og ikkje noko eg har funne på for å lokka folk til kyrkja denne fredagen. Men det heile ser så freistande ut, at det vil eg prøva å få med meg, seier Kjell Magnus Økland.

Tysnesingen er ny dagleg leiar i det felles kystkulturloftet der 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør er med. I fjor fann opninga av Kystsogeveke stad på Onarheim, i år står Strusshamn på Askøy for tur når det offisielle startskotet går for årets veker den 12. august.

Jakob Sande i Kulturkyrkja

På Onarheim skjer det saker og ting, om det ikkje blir opningsfest. Sokneprest Reidar Ådnanes skal i aksjon i Kulturkyrkja, Onarheim der han tar føre seg eit glimt av Jakob Sande si dikting, og har

kalla det heile «Banning og bøn – naud og nåde».

– Det er noko med dette, å banna i kyrkja?

– Eg må det, når eg siterer frå ein del av Jakob Sande sine meir ukjende dikt som eg har lyst å løfta fram. Han balanserer i ein del av dikta sine mellom banning og bøn, og følte heile livet på ei utanforkjensle både åndeleg og menneskeleg samstundes som han klamra seg til nåden. I diktet «Tale ved Kleng Spelemanns grav» skildrar han den forsmådde kunstnaren som ein dag endeleg skal få oppreising. Siste verset lyder: Og eingong skal du standa for Guds heilage stol, der på ny du skal få stilla din streng, og i æveleg glans ifrå den nyskapte sol, skal du spela for Meisteren, Kleng».

Starten på diktet set tonen: «Det vart sagt av predikanten som preika ved di grav, at di sjel

var til Svartemannen seld, at frå helvete kom ho, og dit drog ho av, då du sturta i fylla ein kveld».

– Jakob Sande skreiv ein del utfordrande, gjerne makabre ting, men har også tre salmar med i salmeboka no. Biletspråket til dikteren spelar på tre felt; naturen og naturopplevingar, bibelske biletspråk og forteljingar, og sjømannslivet. Sidan dette er eit opplegg i kystsogeveke, kan det henda eg vektlegg ekstra dette med sjømannslivet, seier den mangeårige sjømannspresten som har snakka om Jakob Sande si dikting både i sjømannskyrkjer, i Nysæter kyrkje på Stord og i Valen kyrkje i Kvinnherad. Før no Kulturkyrkja, Onarheim står for tur med sin versjon.

Den store mannadauden

Den store mannadauden i Tysnes – og noko attåt. Det er tittel

på foredraget historikar Birger Lindanger skal halda i skulehuset på Skorpo 10. september.

– Berre innleiinga gjer at eg lærer noko nytt, seier Kjell Magnus Økland.

– Eg visste ikkje at pesten herja på våre kantar i så mange år, det er langt meir enn det me omtalar som svartedauden, seier han.

Lindanger viser til dette: I juli 1349 seig det inn ei skute med farleg last i Bergen våg – pest! I løpet av få månadar spreidde Den Store Mannadauden seg langs heile kysten og nådde tidleg på hausten også Tysnes. Så spør me oss: Kvar kom Svartedauden frå, koss arta han seg, koss kom han til Tysnes, koss herja han her og kva verknadar fekk han både lokalt og nasjonalt.

Berre ti år etter rasa den store Barnedauden, ti år etter den att Drepsotta og om lag 15 år etter



VARIERT PROGRAM: Dagleg leiar i Kystsogevekene, tynsingen Kjell Magnus Økland, fortel om eit variert program for Kystsogevekene også i år. (Arkivfoto)

der att: Storsotta. Slik heldt det fram i Tysnes om lag til 1636!

Vil du vita meir, er skulehuset på Skorpo rett arena.

Dans, husflid og båtbygging

På andre arenaer føregår det heilt andre ting. Den tradisjonelle dansgallaen i Tyneshallen plar trekkja tilreisande frå store delar av fylket, og nabofylket i sør. I år skjer det heile i Tyneshallen 19. august, der banda Bris og Mona Jill Band frå Nordfjord syt for dansemusikken.

Denne hallen er også arena for Husflidsmessa på Tysnes 2. september, der skal den daglege leiaren i kystsogevekene snakka om oselvaren, farkosten har har skrive bok om – og gjerne snakkar varmt om.

– Eg fekk ein invitasjon frå Tysnes husflidslag, og takka ja. Skal halda fire foredrag om oselvaren i løpet av kystsogevekene,

alle etter invitasjonar. Gler meg til å koma til husflidsmessa der Egil Meland følger opp med å demonstrera korleis ein byggjer ein slik båt. Det blir ein informativ demonstrasjon av båtbygging, eit prosjekt som til vanleg tek eit par månader. Her får ein vist prinsippa, og er eit opplegg både born og vaksne plar fatta stor interesse for, seier Økland.

Han oppmodar folk som er interesserte i båtbygging om å ta turen til nabokommunen og eit besøk i Ølve 20. august. Tema der er Fartøybygging i Ølve 1850-1960, der det blir både utstilling, prat og omvising på skipsbyggjeplassen Øyra.

– Der blei blant anna jakta «Mathilde» bygd, ein båttype det fanst så mange som opp mot hundre av på Tysnes då Nordlandsfarten var på sitt mest intense, forklarar Økland.

At det dei bygde på Ølve var solid handverk, viser mellom anna «Mathilde» som fortsatt er i drift på våre kantar.

Kystdrakter og sjøliv

Korleis var dei kledde, dei som rodde fiske i gamle dagar. Det kan du få eit inntrykk av tek du turen til Dokkegalleriet Breidablikk, der Britt Kjellesvik Rage vil stilla ut kystdrakter og dokker i folke-draktar knytta til kystkulturen i Sunnhordland. Same plass vil bror hennar, Magne Kjellesvik stilla ut bilete, mange av dei med kystmotiv. Kystkultur i kunsten er det kalla, det som skjer her 26. og 27. august, der Olav Skjellevik vil kåsera om fiske i gamle dagar søndagen.

12.-15. august er det utstilling i flytenaustet i Våge. Då er det Jåtsegelrarane frå Tysnes som kjem i fokus.

– Vil du sjå moderne seglbåtar, har Os Seilforening og Milde Båtlag målgang i Våge for kappseglasen Askeladden 2. september, start på ny etappe frå same stad dagen etter. Du finn heile programmet for Kystsogevekene på www.kystsogevekene.no, har jobba ein del med å gjera nettsida vår til ein mykje meir sentral kanal for kommunikasjon. Men det kjem også i år eit trykt programhefte, mellom anna med helsing frå ordførarane i alle dei 22 kommunane som er samla om dette kystkulturloftet. Kåre Martin Kleppe si helsing er på plass, og kvar kommune vil få si side, noko som gjer at det som skjer til dømes på Tysnes kjem tydelegare fram, seier Kjell Magnus Økland.

LARS MÆLAND
redaksjonen@tynsnesbladet.no